



INNKALLING TIL STYREMØTE I NGIR

Det vert styremøte i NGIR måndag 10.12.18, kl. 14.30, Spjeldnes Gard.
Det vert middag ca. kl. 1700.

Sakliste:

- Sak 33/18 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 34/18 Godkjenning av protokoll frå førre møte
- Sak 35/18 Meldingar
 - a) Diverse munnleg orientering
 - b) Avfallsmengder og disponering av deponivolum (levetid). Info om sak blir gitt i møte
 - c) Sakshandsaming/klageorgan
 - d) Rekneskap per 3.kvartal 2018

- Sak 36/18 Klagesak renovasjonsgebyr
- Sak 37/18 Innsamling av avfall
- Sak 38/18 Offentleg-Offentleg samarbeid.
- Sak 39/18 Møteplan 2019

Moglege andre saker.

Dersom nokon ikkje kan møta, må dei snarast mogleg gje melding til administrasjonen, slik at me kan kalla inn vamedlem.

Kjevikdalen, 03.12.18

Helge Fjellanger
styreleiar

Bjørn Berg
dagleg leiar



STYREMØTE

Møtedato: 10.12.18

Sak nr: 35c/18

Sakshandsamar: Erlend Kleiveland

Sakshandsaming/klageorgan

I møte 05.09.18 bad klagenemnda administrasjonen undersøka korleis NGIR sin praksis knytt til handsaming av klagesaker er, samanlikna med praksis hjå andre avfallsselskap.

Handsaming og klageorgan i selskapa kring NGIR

	Kven sakshandsamar	Kven er klageorganet	Korleis er klageorganet samansett
NGIR	Administrasjonen	Styret	Styret
FJELLVAR	Administrasjonen	Styret	Styret
HIM	Administrasjonen	Eiga klagenemnd	Politikarar oppnemnd av representantskap
SIM	Administrasjonen	SIM	Økonomi/administrasjonsleiar, evt. leiargruppa
SUM	Kommunen (SUM fakturerer ikkje sjølv)	Eiga klagenemnd i kvar kommune	
SIMAS	Administrasjonen	Styret	Styret
IHM	Administrasjonen	IHM	Økonomi/administrasjonsleiar, evt. dagleg leiar
BIR	Administrasjonen	Eiga klagenemnd	3 personar der 1 alltid er frå Bergen. Bedriftsforsamlinga vel dei 2 andre mellom representantar som kommunane oppnemner

Hjå NGIR er det kommunestyra i dei einskilde eigarkommunane som har gjort vedtak om at NGIR skal utføra sakshandsaminga knytt til renovasjonsgebyr, og at styret hjå NGIR skal vera klageorgan. (Unnataket er Fedje kommune, som har valt å ha sakshandsaminga sjølv.) Viss det er aktuelt å overføra klagehandsaminga til eit anna organ, er det kommunestyra som må gjera vedtak om dette (etter tilråding frå NGIR sitt styre/representantskap).

Administrasjonen kjem attende til styret med ei sak der tema saks- og klagehandsaming vert nærare drøfta.

STYREMØTE

Møtedato: 10.12.18

Sak nr: 35d/18

Sakshandsamar: Erlend Kleiveland

Rekneskap per 3. kvartal 2018**Vedlegg:**

Kommentarar til rekneskap for kvar avdeling per 3. kvartal 2018

Rekneskap totalt og for kvar avdeling per 3. kvartal 2018

Generelt

Resultatet per 3. kvartal er + kr 10 546 000. Det er kr 13 228 000 meir enn budsjettert.

Tilsvarende tal for i fjor var + kr 6 396 000 og kr 4 026 000 meir enn budsjettert.

Samla sett er driftsinntektene 16,0 % høgare enn budsjettert medan driftskostnadene er 0,6 % lågare enn budsjettert. Ser ein vekk frå vinsten frå salet av tomta til tidlegare gjenvinningsstasjon i Knarvik, er driftsinntektene 7,2 % høgare enn budsjettert.

Oppsummering per rekneskapsområde viser under:

Per per 3. kvartal 2018	Resultat	Budsjett	Avvik
Hushald	kr 10 615 000	kr 1 002 000	kr 9 614 000
Verksemd	kr 3 062 000	-kr 344 000	kr 3 407 000
Slam	-kr 3 859 000	-kr 3 405 000	-kr 454 000
Bilvrak	kr 727 000	kr 65 000	kr 662 000
Totalt	kr 10 546 000	-kr 2 683 000	kr 13 228 000

Det er sett opp prognosar for inntekter, kostnader og resultat for dei ulike rekneskapsområda. Dette er grove anslag basert på historiske data og forventa kostnads- og inntektsutvikling. Prognosane for heile 2018 kjem ut med følgjande resultat:

Prognose 2018	Forventa resultat	Budsjett	Forventa avvik
Hushald	kr 8 545 000	kr 785 000	kr 7 760 000
Verksemd	kr 3 248 000	-kr 1 188 000	kr 4 436 000
Slam	-kr 1 332 000	-kr 645 000	-kr 687 000
Bilvrak	kr 664 000	kr 66 000	kr 598 000
Totalt	kr 11 125 000	-kr 982 000	kr 12 107 000

Hushald (Resultat kr 10 615 000, avvik + kr 9 614 000)

Driftsinntekter: + kr 8 684 000, avvik + 17,6 %

Abonnement og gebyr: Om lag som budsjettert.

Salsinntekter varer ut: Prisen på skrapjern har vore større enn forventa. NGIR har selt meir kompostjord enn forventa og fått betalt for tekstilar (som ikkje var budsjettert).

Leigeinntekter: NGIR har leigd ut tidlegare gjenvinningsstasjon i Knarvik.

Andre driftsinntekter: NGIR har selt gjenvinningsstasjonen i Knarvik med ein bokført vinst på litt over 7 millionar kroner. NGIR har også selt ein lastebil med ein vinst på litt over kr 300 000.

Driftskostnader: - kr 945 000, avvik - 2,0 %

Vareforbruk: Treverk på lager har auka og kostnaden aukar med lagerendringa då treverk har negativ verdi. Mengda posar og sekkar er redusert og kostnaden aukar med lagerendringa då posar og sekkar har positiv verdi.

Handsaming av avfall: Kostnaden til behandling av treverk har vore lågare enn budsjettert (delvis grunna auka lager (sjå over) og delvis grunna endra mottakar som gjev lågare handsamingskostnad, men høgare transportkostnad).

Transport inn: NGIR har leigd inn meir transport enn budsjettert, i starten av året i samband med reparasjon av eigne bilar og i samband med vår- og haustrydding (for å unngå ulovleg overtidsarbeid på eigne sjåførar).

Personalkostnader: NGIR har nytta mindre personellressursar på innsamling av avfall enn budsjettert.

Avskrivingar: Som budsjettert, men endra ein del på fordelingsnøkkel grunna endra bruk. Samla vert avskrivningane litt lågare enn budsjettert, dette vert korrigert ved årsslutt.

Transport ut: Fordeling av kostnad mellom handsaming og transport av treverk har endra seg.

Energi til produksjon: Forbruket av og prisen på straum har vore litt høgare enn budsjettert.

Kostnad lokale: Om lag som budsjettert.

Leige maskiner, inventar o.l.: Det er leigd mindre maskiner enn budsjettert.

Verkty, inventar, materiell: Det har vore større forbruk av materiell m.m. til renovasjonsbilar og gjenvinningsstasjonar enn budsjettert.

Reparasjon og vedlikehald: Litt mindre forbruk på vedlikehald av bygningar enn budsjettert.

Eksterne tenester: Det er brukt meir enn budsjettert på konsulenttenester, hovudsakleg i samband med anbod.

Kontorkostnad, trykksak ol: Det er nytta mindre pengar til trykksaker og kurs enn budsjettert.

Telefon, porto o.l.: Kostnader til telefon har vore litt høgare enn budsjettert.

Kostnad transportmidlar: Vedlikehaldet av renovasjonsbilane har vore større enn budsjettert.

Reiser og diett: Utgiftsdekning til reiser har vore mindre enn budsjettert.

Sals- og reklamekostnad: Annonsering og andre informasjonskostnader har vore lågare enn budsjettert.

Kontingent og gåve: Kontingentkostnader har auka meir enn budsjettert.

Forsikring, garantikostnad: Kostnader til forsikring har vore litt større enn budsjettert.
Andre driftskostnader: Kostnader til bankgebyr har vore større enn budsjettert.
Finansinntekter: Renteinntekter på purringar har vore mindre enn budsjettert medan NGIR har hatt meir ståande på høgrentekonto enn budsjettert grunna utsette investeringar.
Finanskostnader: Renta har vore litt høgare enn budsjettert.

Verksemd (Resultat + kr 3 062 000, avvik + kr 3 407 000)

Driftsinntekter: + kr 3 751 000, avvik + 15,0 %

Salsinntekter varer inn: NGIR har fått større mengder til deponi 3. kvartal enn budsjettert.
Salsinntekter varer ut: NGIR har selt meir stein enn budsjettert.
Leigeinntekter: Inntektene frå utleige av konteinrar har vore noko høgare enn budsjettert.
Andre driftsinntekter: NGIR har fått tilskot for mottak av båtvrak. I tillegg har NGIR seld ein hjullastar som var avskrive.

Driftskostnader: + kr 352 000, avvik + 1,4 %

Vareforbruk: Treverk på lager har auka og kostnaden aukar med lagerendringa då treverk har negativ verdi. Mengda posar og sekkar er redusert og kostnaden aukar med lagerendringa då posar og sekkar har positiv verdi.
Handsaming av avfall: Kostnaden til behandling av treverk har vore lågare enn budsjettert (delvis grunna auka lager(sjå over) og delvis grunna endra mottakar som gjev lågare handsamingskostnad, men høgare transportkostnad).
Steinuttak: Det er sprengt, knust og selt større mengder stein enn budsjettert.
Transport inn: Større mengder konteinartransport enn budsjettert vart fakturert via NGIR.
Personalkostnader: NGIR nytta mindre personellressursar på innsamling av avfall enn budsjettert. Det vil verta gjort justeringar i kostnadsfordelinga mellom avdelingane når året skal gjerast opp.
Avskrivningar: Som budsjettert, men vert lågare enn budsjettert når året er omme grunna utsette investeringar. Litt endre fordelingsnøklar grunna utsette investeringar.
Transport ut: Kostnadsdelinga mellom transport og handsaming av treverk har endra seg slik at større del av kostnaden er transport enn det som vart budsjettert.
Energi til produksjon: Om lag som budsjettert.
Kostnad lokale: Kostnaden til straum har vore litt høgare enn budsjettert.
Leige maskiner, inventar o.l.: Det er leigd mindre maskiner enn budsjettert.
Verkty, inventar, materiell: Det har vore større forbruk av materiell m.m. til renovasjonsbilar enn budsjettert.
Reparasjon og vedlikehald: Om lag som budsjettert.
Eksterne tenester: Det er brukt meir enn budsjettert på konsulenttenester, hovudsakleg i samband med anbod.
Kontorkostnad, trykksak ol: Det er nytta mindre pengar til kurs enn budsjettert.
Telefon, porto o.l.: Kostnader til telefon har vore litt høgare enn budsjettert.

Kostnad transportmidlar: Vedlikehaldet av renovasjonsbilane har vore større enn budsjettert.

Reiser og diett: Utgiftsdekning til reiser har vore mindre enn budsjettert.

Sals- og reklamekostnad: Annonsering og andre informasjonskostnader har vore lågare enn budsjettert.

Kontingent og gåve: Kontingentkostnader har auka meir enn budsjettert.

Forsikring, garantikostnad: Kostnader til forsikring har vore litt større enn budsjettert.

Andre driftskostnader: Kostnader til bankgebyr har vore større enn budsjettert.

Tap o.l.: Det er tapsført mindre enn budsjettert per 3. kvartal.

Finansinntekter: Renteinntekter på purringar har vore mindre enn budsjettert medan NGIR har hatt meir ståande på høgrentekonto enn budsjettert grunna utsette investeringar.

Finanskostnader: Renta har vore litt høgare enn budsjettert.

Slam (Resultat - kr 3 859 000, avvik - kr 454 000)

Inntektene er litt lågare budsjettert. På kostnadssida er det eitt større avvik (i prosent). NGIR har nytta mindre ressursar til personal enn budsjettert då NGIR ikkje har hatt trong for å setja av så store ressursar til synkronisering og kvalitetssikring av slam-data som budsjettert. Normalt vil det vera underskot per 3. kvartal sidan brorparten av tømning skjer i byrjinga av året, medan faktureringa skjer meir jamnt over heile året. I 2018 har ein del som vanlegvis vert fakturert 3. kvartal vorte fakturert 4. kvartal.

Bilvrak (Resultat + kr 727 000, avvik + kr 662 000)

NGIR tok i mot 851 bilvrak per 3. kvartal, mot 1075 i same tidsrom i fjor. Tidlegare kom 60-65 % av bilvraka inn første halvår, men etter at årsavgifta vart lagt om frå 01.01.2018 får NGIR truleg ein jamnare leveranse heile året, so ein nedgong på 21 % er truleg ikkje heilt reell, men det kjem færre bilvrak totalt for året enn det som vart budsjettert (1320 stk). Grunna anleggsarbeid var mottaket for vrak stengt i september og oktober.

Prisen på skrapjern er mykje høgare enn budsjettert, så inntektene frå sal av skrapjern og katalysatorar er likevel høgare enn budsjettert. I tillegg har NGIR teke mot og sanert campingvogner, mopedar, motorsyklar, bubilar m.m. og fått tilskot til dette. Ordninga med vrakpant på dette var ikkje kjent då budsjettet vart laga.

NGIR har nytta meir ressursar til sanering etter at det vart vrakpant på campingvogner, mopedar, motorsyklar m.m. og personalkostnadene er difor høgare enn budsjettert.

Totalt

Rekneskap 2018 per 3. kvartal

DRIFTSINNT EKTER	Rekneskap	Budsjett	Avvik frå budsj.	Prosentvis avvik	Rekneskap i fjor
Abonnement/gebyr	kr 49 251 741	kr 49 666 750	-kr 415 009	-0,8 %	kr 45 111 582
Salsinntekt varer inn	kr 20 404 429	kr 18 654 003	kr 1 750 426	9,4 %	kr 16 832 065
Salsinntekt varer ut	kr 11 635 330	kr 8 973 000	kr 2 662 330	29,7 %	kr 11 627 036
Leigeinntekter	kr 2 096 013	kr 1 834 497	kr 261 516	14,3 %	kr 2 062 427
Andre driftsinntekter	kr 8 665 834	kr 219 006	kr 8 446 828	3856,9 %	kr 362 957
SUM DRIFTSINNT EKTER	kr 92 053 346	kr 79 347 256	kr 12 706 090	16,0 %	kr 75 996 066
DRIFTSKOSTNADER					
Vareforbruk	kr 1 701 303	kr 1 447 251	kr 254 052	17,6 %	kr 1 289 376
Handsaming av avfall	kr 9 482 793	kr 10 365 500	-kr 882 707	-8,5 %	kr 10 772 096
Steinuttak	kr 2 682 745	kr 1 843 497	kr 839 248	45,5 %	kr 1 423 236
Transport inn	kr 9 968 769	kr 8 116 416	kr 1 852 353	22,8 %	kr 13 609 001
Personalkostnader	kr 27 425 933	kr 30 424 930	-kr 2 998 997	-9,9 %	kr 20 115 391
Avskrivningar	kr 9 267 003	kr 9 267 003	kr 0	0,0 %	kr 8 882 253
Transport ut	kr 5 112 013	kr 4 657 500	kr 454 513	9,8 %	kr 4 793 274
Energi til produksjon	kr 965 226	kr 949 500	kr 15 726	1,7 %	kr 878 113
Kostnad lokale	kr 921 061	kr 896 994	kr 24 067	2,7 %	kr 541 235
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 19 438	kr 88 497	-kr 69 059	-78,0 %	kr 193 725
Verkty, inventar og materiell	kr 1 802 105	kr 1 465 497	kr 336 608	23,0 %	kr 1 080 313
Reparasjon og vedlikehald	kr 3 196 839	kr 3 345 741	-kr 148 902	-4,5 %	kr 2 580 504
Eksterne tenester	kr 727 275	kr 648 750	kr 78 525	12,1 %	kr 398 154
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 349 217	kr 580 500	-kr 231 283	-39,8 %	kr 344 295
Telefon, porto o.l.	kr 398 589	kr 365 247	kr 33 342	9,1 %	kr 268 568
Kostnad transportmidler	kr 5 928 330	kr 5 467 509	kr 460 821	8,4 %	kr 1 001 150
Reiser og diett	kr 452 003	kr 611 982	-kr 159 979	-26,1 %	kr 108 127
Sals og reklamekostnad	kr 440 226	kr 830 997	-kr 390 771	-47,0 %	kr 647 301
Kontingent og g�ave	kr 278 494	kr 243 747	kr 34 747	14,3 %	kr 235 576
Forsikring, garantikostnad	kr 184 550	kr 171 000	kr 13 550	7,9 %	kr 172 323
Andre driftskostnader	kr 121 602	kr 108 756	kr 12 846	11,8 %	kr 109 299
Tap o.l.	kr 17 659	kr 74 997	-kr 57 338	-76,5 %	kr 27 411
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 81 443 175	kr 81 971 811	-kr 528 636	-0,6 %	kr 69 470 723
DRIFTSRESULTAT	kr 10 610 171	-kr 2 624 555	kr 13 234 726		kr 6 525 344
FINANSINNT EKTER OG FINANSKOSTNADER					
Finansinntekter	kr 118 878	kr 107 997	kr 10 881	10,1 %	kr 105 728
Finanskostnader	kr 183 361	kr 166 002	kr 17 359	10,5 %	kr 235 207
NETTO FINANSPOSTAR	-kr 64 483	-kr 58 005	-kr 6 478	11,2 %	-kr 129 478
RES F�R SKATT	kr 10 545 688	-kr 2 682 560	kr 13 228 248		kr 6 395 866
Skattekostnad	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
RESULTAT ETTER SKATT	kr 10 545 688	-kr 2 682 560	kr 13 228 248		kr 6 395 866

Hushald

Rekneskap 2018 per 3. kvartal

DRIFTSINNTEKTER	Rekneskap	Budsjett	Avvik frå budsj.	Prosentvis avvik	Rekneskap i fjor
Abonnement/gebyr	kr 46 001 433	kr 45 948 753	kr 52 680	0,1 %	kr 38 373 441
Salsinntekt varer inn	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Salsinntekt varer ut	kr 4 269 962	kr 3 065 709	kr 1 204 253	39,3 %	kr 5 140 055
Leigeinntekter	kr 40 457	kr 6 231	kr 34 226	549,3 %	kr 72 190
Andre driftsinntekter	kr 7 590 307	kr 197 931	kr 7 392 376	3734,8 %	kr 233 522
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr 57 902 159	kr 49 218 624	kr 8 683 535	17,6 %	kr 43 819 209
DRIFTSKOSTNADER					
Vareforbruk	kr 1 219 005	kr 1 109 271	kr 109 734	9,9 %	kr 554 648
Handsaming av avfall	kr 5 276 296	kr 6 057 507	-kr 781 210	-12,9 %	kr 6 522 425
Steinuttak	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Transport inn	kr 2 136 624	kr 1 164 002	kr 972 622	83,6 %	kr 6 967 356
Personalkostnader	kr 18 144 756	kr 19 906 535	-kr 1 761 779	-8,9 %	kr 12 136 847
Avskrivningar	kr 6 190 029	kr 5 912 019	kr 278 010	4,7 %	kr 5 538 449
Transport ut	kr 3 319 488	kr 3 112 790	kr 206 698	6,6 %	kr 3 207 326
Energi til produksjon	kr 494 930	kr 479 872	kr 15 058	3,1 %	kr 437 737
Kostnad lokale	kr 650 328	kr 644 913	kr 5 415	0,8 %	kr 338 773
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 11 356	kr 42 729	-kr 31 372	-73,4 %	kr 156 109
Verkty, inventar og materiell	kr 1 295 899	kr 974 659	kr 321 240	33,0 %	kr 680 409
Reparasjon og vedlikehald	kr 1 415 353	kr 1 571 654	-kr 156 301	-9,9 %	kr 1 202 177
Eksterne tenester	kr 442 057	kr 398 898	kr 43 158	10,8 %	kr 208 723
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 272 975	kr 478 228	-kr 205 253	-42,9 %	kr 284 990
Telefon, porto o.l.	kr 276 106	kr 253 772	kr 22 335	8,8 %	kr 175 621
Kostnad transportmidler	kr 4 949 639	kr 4 556 490	kr 393 149	8,6 %	kr 792 788
Reiser og diett	kr 365 048	kr 497 749	-kr 132 701	-26,7 %	kr 65 240
Sals og reklamekostnad	kr 396 204	kr 680 400	-kr 284 196	-41,8 %	kr 550 206
Kontingent og g�ve	kr 182 008	kr 158 081	kr 23 927	15,1 %	kr 142 137
Forsikring, garantikostnad	kr 120 612	kr 110 901	kr 9 711	8,8 %	kr 103 973
Andre driftskostnader	kr 93 353	kr 88 245	kr 5 109	5,8 %	kr 79 374
Tap o.l.	kr 1 420	kr 0	kr 1 420		kr 0
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 47 253 486	kr 48 198 713	-kr 945 227	-2,0 %	kr 40 145 306
DRIFTSRESULTAT	kr 10 648 673	kr 1 019 911	kr 9 628 762	944,1 %	kr 3 673 903
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER					
Finansinntekter	kr 89 239	kr 87 768	kr 1 472	1,7 %	kr 84 515
Finanskostnader	kr 122 479	kr 105 903	kr 16 575	15,7 %	kr 146 662
NETTO FINANSPOSTAR	-kr 33 239	-kr 18 136	-kr 15 104	83,3 %	-kr 62 148
RES F�R SKATT	kr 10 615 434	kr 1 001 775	kr 9 613 659	959,7 %	kr 3 611 756
Skattekostnad	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
RESULTAT ETTER SKATT	kr 10 615 434	kr 1 001 775	kr 9 613 659	959,7 %	kr 3 611 756

Verksemd

Rekneskap 2018 per 3. kvartal

	Rekneskap	Budsjett	Avvik frå budsj.	Prosentvis avvik	Rekneskap i fjor
DRIFTSINNTEKTER					
Abonnement/gebyr	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Salsinntekt varer inn	kr 20 404 429	kr 18 654 003	kr 1 750 426	9,4 %	kr 16 832 065
Salsinntekt varer ut	kr 5 652 019	kr 4 527 775	kr 1 124 244	24,8 %	kr 4 641 474
Leigeinntekter	kr 2 055 555	kr 1 828 266	kr 227 289	12,4 %	kr 1 990 237
Andre driftsinntekter	kr 669 897	kr 21 075	kr 648 822	3078,6 %	kr 129 435
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr 28 781 901	kr 25 031 120	kr 3 750 781	15,0 %	kr 23 593 210
DRIFTSKOSTNADER					
Vareforbruk	kr 478 298	kr 337 980	kr 140 318	41,5 %	kr 747 728
Handsaming av avfall	kr 3 368 858	kr 3 459 993	-kr 91 135	-2,6 %	kr 3 318 172
Steinuttak	kr 2 682 745	kr 1 843 497	kr 839 248	45,5 %	kr 1 423 236
Transport inn	kr 2 297 805	kr 1 627 502	kr 670 303	41,2 %	kr 2 583 517
Personalkostnader	kr 8 024 631	kr 9 105 506	-kr 1 080 875	-11,9 %	kr 6 871 934
Avskrivningar	kr 2 664 176	kr 2 942 186	-kr 278 010	-9,4 %	kr 2 912 101
Transport ut	kr 1 792 525	kr 1 544 710	kr 247 815	16,0 %	kr 1 585 948
Energi til produksjon	kr 423 086	kr 423 149	-kr 64	0,0 %	kr 394 946
Kostnad lokale	kr 223 816	kr 210 581	kr 13 235	6,3 %	kr 160 907
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 7 337	kr 45 050	-kr 37 713	-83,7 %	kr 36 973
Verkty, inventar og materiell	kr 430 445	kr 407 809	kr 22 637	5,6 %	kr 344 438
Reparasjon og vedlikehald	kr 1 649 980	kr 1 640 150	kr 9 830	0,6 %	kr 1 271 817
Eksterne tenester	kr 186 985	kr 172 840	kr 14 144	8,2 %	kr 184 297
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 65 711	kr 88 346	-kr 22 635	-25,6 %	kr 51 080
Telefon, porto o.l.	kr 111 153	kr 101 964	kr 9 189	9,0 %	kr 83 266
Kostnad transportmidler	kr 977 062	kr 909 204	kr 67 858	7,5 %	kr 206 485
Reiser og diett	kr 82 981	kr 109 854	-kr 26 874	-24,5 %	kr 36 939
Sals og reklamekostnad	kr 44 023	kr 150 597	-kr 106 574	-70,8 %	kr 97 095
Kontingent og gåve	kr 83 158	kr 74 001	kr 9 157	12,4 %	kr 80 479
Forsikring, garantikostnad	kr 55 106	kr 51 915	kr 3 191	6,1 %	kr 58 870
Andre driftskostnader	kr 27 000	kr 19 363	kr 7 638	39,4 %	kr 27 983
Tap o.l.	kr 16 239	kr 74 997	-kr 58 758	-78,3 %	kr 27 411
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 25 693 120	kr 25 341 195	kr 351 925	1,4 %	kr 22 505 623
DRIFTSRESULTAT	kr 3 088 781	-kr 310 075	kr 3 398 856		kr 1 087 587
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER					
Finansinntekter	kr 26 192	kr 18 435	kr 7 757	42,1 %	kr 19 240
Finanskostnader	kr 52 714	kr 52 704	kr 10	0,0 %	kr 77 100
NETTO FINANSPOSTAR	-kr 26 522	-kr 34 269	kr 7 747	-22,6 %	-kr 57 860
RES FØR SKATT	kr 3 062 259	-kr 344 345	kr 3 406 603		kr 1 029 727
Skattekostnad		kr 0	kr 0		kr 0
RESULTAT ETTER SKATT	kr 3 062 259	-kr 344 345	kr 3 406 603		kr 1 029 727

Slam

Rekneskap 2018 per 3. kvartal

	Rekneskap	Budsjett	Avvik frå budsj.	Prosentvis avvik	Rekneskap i fjor
DRIFTSINNTEKTER					
Abonnement/gebyr	kr 3 250 307	kr 3 717 997	-kr 467 690	-12,6 %	kr 6 738 140
Salsinntekt varer inn	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Salsinntekt varer ut	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Leieinntekter	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Andre driftsinntekter	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr 3 250 307	kr 3 717 997	-kr 467 690	-12,6 %	kr 6 738 140
DRIFTSKOSTNADER					
Vareforbruk	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Handsaming av avfall	kr 837 638	kr 848 000	-kr 10 362	-1,2 %	kr 931 500
Steinuttak	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Transport inn	kr 5 534 341	kr 5 324 913	kr 209 428	3,9 %	kr 4 058 128
Personalkostnader	kr 519 957	kr 732 271	-kr 212 314	-29,0 %	kr 509 212
Avskrivningar	kr 45 157	kr 45 157	kr 0	0,0 %	kr 35 809
Transport ut	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Energi til produksjon	kr 8 260	kr 9 673	-kr 1 412	-14,6 %	kr 8 480
Kostnad lokale	kr 7 219	kr 7 515	-kr 296	-3,9 %	kr 7 072
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 308	kr 372	-kr 64	-17,2 %	kr 296
Verkty, inventar og materiell	kr 27 312	kr 33 316	-kr 6 004	-18,0 %	kr 25 523
Reparasjon og vedlikehald	kr 14 259	kr 24 313	-kr 10 054	-41,4 %	kr 20 612
Eksterne tenester	kr 95 252	kr 72 430	kr 22 822	31,5 %	kr 2 362
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 4 358	kr 7 217	-kr 2 860	-39,6 %	kr 3 785
Telefon, porto o.l.	kr 4 688	kr 4 929	-kr 241	-4,9 %	kr 4 455
Kostnad transportmidler	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Reiser og diett	kr 1 645	kr 2 269	-kr 625	-27,5 %	kr 2 737
Sals og reklamekostnad	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Kontingent og g�ve	kr 5 515	kr 6 046	-kr 531	-8,8 %	kr 5 963
Forsikring, garantikostnad	kr 3 655	kr 4 241	-kr 587	-13,8 %	kr 4 362
Andre driftskostnader	kr 517	kr 595	-kr 79	-13,2 %	kr 894
Tap o.l.	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 7 110 080	kr 7 123 258	-kr 13 178	-0,2 %	kr 5 621 191
DRIFTSRESULTAT	-kr 3 859 772	-kr 3 405 261	-kr 454 512	13,3 %	kr 1 116 950
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER					
Finansinntekter	kr 1 426	kr 930	kr 496	53,3 %	kr 908
Finanskostnader	kr 893	kr 809	kr 85	10,5 %	kr 960
NETTO FINANSPOSTAR	kr 533	kr 121	kr 412	339,6 %	-kr 52
RES F�R SKATT	-kr 3 859 239	-kr 3 405 139	-kr 454 100	13,3 %	kr 1 116 898
Skattekostnad	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
RESULTAT ETTER SKATT	-kr 3 859 239	-kr 3 405 139	-kr 454 100	13,3 %	kr 1 116 898

Bilvrak

Rekneskap 2018 per 3. kvartal

	Rekneskap	Budsjett	Avvik frå budsj.	Prosentvis avvik	Rekneskap i fjor
DRIFTSINNTEKTER					
Abonnement/gebyr	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Salsinntekt varer inn	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Salsinntekt varer ut	kr 1 713 349	kr 1 379 515	kr 333 833	24,2 %	kr 1 845 507
Leieinntekter	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Andre driftsinntekter	kr 405 630	kr 0	kr 405 630		kr 0
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr 2 118 978	kr 1 379 515	kr 739 463	53,6 %	kr 1 845 507
DRIFTSKOSTNADER					
Vareforbruk	kr 4 000	kr 0	kr 4 000		-kr 13 000
Handsaming av avfall	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Steinuttak	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Transport inn	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Personalkostnader	kr 736 589	kr 680 618	kr 55 971	8,2 %	kr 597 398
Avskrivningar	kr 367 642	kr 367 642	kr 0	0,0 %	kr 395 894
Transport ut	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Energi til produksjon	kr 38 950	kr 36 806	kr 2 144	5,8 %	kr 36 950
Kostnad lokale	kr 39 698	kr 33 985	kr 5 713	16,8 %	kr 34 483
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 437	kr 346	kr 91	26,2 %	kr 347
Verkty, inventar og materiell	kr 48 449	kr 49 713	-kr 1 264	-2,5 %	kr 29 943
Reparasjon og vedlikehald	kr 117 247	kr 109 624	kr 7 623	7,0 %	kr 85 897
Eksterne tenester	kr 2 982	kr 4 582	-kr 1 600	-34,9 %	kr 2 772
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 6 174	kr 6 708	-kr 535	-8,0 %	kr 4 441
Telefon, porto o.l.	kr 6 642	kr 4 582	kr 2 060	45,0 %	kr 5 226
Kostnad transportmidler	kr 1 630	kr 1 816	-kr 186	-10,2 %	kr 1 877
Reiser og diett	kr 2 330	kr 2 109	kr 221	10,5 %	kr 3 211
Sals og reklamekostnad	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Kontingent og gåve	kr 7 813	kr 5 619	kr 2 193	39,0 %	kr 6 996
Forsikring, garantikostnad	kr 5 177	kr 3 942	kr 1 235	31,3 %	kr 5 118
Andre driftskostnader	kr 732	kr 553	kr 178	32,2 %	kr 1 048
Tap o.l.	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 1 386 489	kr 1 308 645	kr 77 844	5,9 %	kr 1 198 603
DRIFTSRESULTAT	kr 732 489	kr 70 870	kr 661 619	933,6 %	kr 646 904
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER					
Finansinntekter	kr 2 021	kr 864	kr 1 156	133,7 %	kr 1 065
Finanskostnader	kr 7 274	kr 6 586	kr 689	10,5 %	kr 10 484
NETTO FINANSPOSTAR	-kr 5 254	-kr 5 721	kr 467	-8,2 %	-kr 9 419
RES FØR SKATT	kr 727 235	kr 65 149	kr 662 086	1016,3 %	kr 637 485
Skattekostnad		kr 0	kr 0		kr 0
RESULTAT ETTER SKATT	kr 727 235	kr 65 149	kr 662 086	1016,3 %	kr 637 485

STYREMØTE

Møtedato: 10.12.2018

Sak nr: 36/18

Sakshandsamar: Jorunn Botne

Klagesak renovasjonsgebyr

Vedlegg:

1. Retningslinjer for handsaming av søknader om dispensasjon/fritak frå ordinær renovasjonsordning.
2. Søknad om fritak renovasjonsgebyr
3. Vedtak på søknad sak 2018-120
4. Klage på vedtak om avslag på søknad om fritak i renovasjonsgebyr
5. Svar på klage - orientering om vidare saksgang.
6. Kart over området.

Bakgrunn

NGIR har som oppgåve å handsame søknadar om dispensasjon/fritak frå ordinær renovasjonsavgift for hushald og hytter.

Etter at NGIR har handsama søknad og fatta vedtak, har søkar etter visse retningslinjer (vedlegg 1), rett til å klage på vedtaket, jamfør lov om offentleg forvaltning.

Dersom administrasjonen i NGIR ikkje seier seg einig i klagen, skal saka leggjast fram for styret i NGIR for endeleg avgjerse.

NGIR har motteke ei sak der administrasjonen i NGIR ikkje vil ta klage på vedtaket til følge. Klagen med søknad og vedtak vert difor lagt fram for styret til avgjerse.

Saka

Gisle Gotfred Enstad søker om fritak frå renovasjonsgebyr på eigedom i Solund kommune, g.nr. 49, b.nr. 1 (vedlegg 2). Søknaden vart ikkje tatt til følge, jamfør brev frå NGIR (vedlegg 3).

Enstad klaga på vedtaket (vedlegg 4) og fekk svar frå NGIR om at saka vil verta lagt fram for klageorganet 10.12.18 (vedlegg 5).

Vurdering

Det er i utgangspunkt tvungen renovasjon (og difor gebyr) for bustadhus og hytter i Solund kommune.

NGIR har i starten av 2018 lagt inn renovasjonsgebyr på alle hus og hytter i Solund kommune. Det var mange som ikkje var inkludert i ordninga. Etter endring av retningslinene i 2013, skal også dei som nyttar båt som framkomstmiddel til hytta innlemmast i renovasjonsordninga. Enstad kjem i denne kategori.

For å gjera renovasjonsordninga tenleg for flest mogleg, har NGIR sett ut konteinrarar på nye stader, i takt med ny vegbygging i Solund. Det gjeld også for Enstad sitt område, der det er plassert ut konteinrar i Sandvik. Hytta ligg veglaust nordaust i Solund kommune. Det er omlag 2,8 km sjøvegen til kaien i Sandvik og ca. 160 meter å gå frå kaien til konteinaren. Kart over området er vedlagt (vedlegg 6).

Retningslinjer for handsaming av søknader om dispensasjon/fritak frå ordinær renovasjonsordning

I tillegg til i dei høve som er omtala under, kan NGIR gje dispensasjon/fritak for andre høve der det er særskilde grunnar som talar for dette.

BUSTADER

- a) For bustader med lengre vegavstand enn 300 m til køyreveg*/henteplass kan ein søkja NGIR om å få levera avfallet i sekk, eller til fellesdunk(ar), i staden for å nytta eigne dunkar. NGIR avgjer storleik på og plassering av dunk(ar), og i kva grad kjeldesortering skal gjennomførast. Dispensasjon frå bruk av eigne dunkar i samsvar med dette punkt gjev ikkje grunnlag for reduksjon av renovasjonsgebyret.
- b) For bustader som ligg slik til at det må nyttast båt fram til køyreveg*/henteplass, gjeld same retningslinjer som i punkt a.
- c) Einskildperson som bur i hybel, generasjonsbustad eller kårhus, og som kan levera avfallet sitt i fellesdunkar ved hovudhuset, kan søkja NGIR om å få redusert renovasjonsgebyret til halvt normalabonnement.
- d) For bygg/bustader som kan dokumenterast å ikkje vera i bruk i minimum 6 månader, kan ein søkja NGIR om fritak for den ordinære renovasjonsordninga for den aktuelle perioden. Ved slikt fritak må avfallsdunkane leverast inn i reingjort stand, og evt. avfall må leverast i hyttekonteinar. Renovasjonsgebyret vert redusert til halvt normalabonnement.
- e) For bygg/bustader som er i ein slik stand at det ikkje kan bu folk der i ein periode på minimum 6 månader, kan ein søkja NGIR om fritak frå renovasjonsordninga for den aktuelle perioden. Ved slikt fritak må avfallsdunkane leverast inn i reingjort stand. Fritaket omfattar og gebyrplikta.
- f) For bustader som har husvære for utleige, men der ein skal gå over til å nytta heile huset til eige bruk, kan ein søkja NGIR om fritak frå renovasjonsordninga og gebyrplikta for utleigehusværet. Ved slikt fritak må avfallsdunkane leverast inn i reingjort stand.

Som hovudregel gjeld reduksjon av, eller fritak frå, renovasjonsgebyret med ei tidsavgrensing på inntil 1 år. Det kan i særskilde tilhøve gjevast fritak for ein lengre periode enn 1 år. Søkjar må, før fritaksperioden går ut, gje melding til NGIR dersom situasjonen er uendra. Vert ikkje slik melding gjeve, vert gebyret justert attende.

HYTTER

For hytter som ligg over 3 km frå bilveg, kan ein søkja NGIR om fritak frå renovasjonsordninga og gebyrplikta. Det er ein føresetnad at Forureiningslova si § 7, Plikt til å unngå forureining, og § 28, Forbod mot forsøpling, ikkje vert brotne.

Fritak skal berre gjevast dersom situasjonen er slik at kunden venteleg må gå meir enn 3 km for å koma til bilveg. At det må nyttast båt fram til køyreveg*/henteplass, gjev ikkje grunnlag for reduksjon/fritak.**

**Med køyreveg er meint veg der renovasjonsbilane kan køyra lovleg på ein forsvarleg måte.*

***Klageorganet for einskildvedtak knytt til renovasjonsforskrifta og gebyrregulativet ser det som viltig at det er likebehandling i sakshandsaminga. Klageorganet vil difor slå fast at Retningslinjene for handsaming av søknader om dispensasjon/fritak frå ordinær renovasjonsordning ikkje skal tolkast slik at hytter kan få fritak frå gebyrplikta på bakgrunn av at dei har meir enn 3 km til bilveg, dersom det er høve til å nytta båt mellom hytte og bilveg. Fritak skal berre gjevast dersom situasjonen er slik at kunden venteleg må gå meir enn 3 km for å koma til bilveg. På denne måten vert ikkje vilkåra for å søkja fritak frå gebyrplikta meir lempelege for hyttekundar enn for hushaldskundar, under elles like tilhøve. (Vedteke: 18.03.13. Sett i verk: 01.07.13).*

SØKNAD OM DISPENSASJON/FRITAK FRÅ ORDINÆR RENOVASJON

Ta kontakt med kommunen dersom du skal søkja om endring i andre offentlege tenester.

Namn: _____ Fødsel- og personnummer: _____
Adresse: _____
Telefon: _____ E-post: _____
Eigedomen ligg i kommune: _____
Eigedomen si adresse: _____
Eigedomen sitt Gnr.: _____ Bnr.: _____ Evt. Festenr.: _____ Seksj.nr.: _____

Bustad Hytte

SØKNADEN GJELD

a) Dispensasjon frå bruk av egne dunkar med anna levering:

Sekk Fellesdunk (ar) Hovudbustaden sine dunkar
 Hyttekonteinar Inga levering Anna

b) Reduksjon/fritak i renovasjonsgebyret:

Halvt gebyr av normalgebyr Fritak frå renovasjonsgebyr

GRUNNGJEVING FOR SØKNADEN

Bustaden ligg over 300 meter frå bilveg.
 Hytta ligg over 3 km frå bilveg.
 Søkjar er einsleg og leverer avfall i fellesdunkar ved hovudhuset.
Namn på eigar av hovudhuset: _____

Bustaden er ikkje i bruk, grunngjeving:

Anna, grunngjeving:

Søknaden gjeld i perioden: _____

Stad, dato

Underskrift søkjar

Sjå retningslinjer for handsaming av søknad på baksida av arket.

2

Siv-Merete Vedå

Fra: NGIR Post
Sendt: tirsdag 24. april 2018 15:06
Til: NGIR Kundeservice
Emne: VS: Søknad om fritak frå renovasjon
Vedlegg: Til NGIR 001.jpg

Venleg helsing

Linda Marie Olsen
Administrasjonsmedarbeider



Fra: Gisle Gotfred Enstad <Gisle.Enstad@usn.no>
Sendt: tirsdag 24. april 2018 14:42
Til: NGIR Post <post@ngir.no>
Emne: Søknad om fritak frå renovasjon

Til NGIR

Eg har fått tilsendt eit krav om renovasjonsavgift for Enstad, g.nr. 49, b.nr. 1 i Solund. Enstad ligg einbølt til, lang frå næraste nabo, og endå lengre frå næraste veg. Etter det eg forstår, er der ein kontainer som eg eventuelt skulle bruke, som ligg langt frå sjøen og er tungvint å nå fram til for meg. Eg kjem til å ta bosset med meg heim når eg reiser, og ta det med i det andre bosset eg leverer heime der eg bur, slik eg alltid har gjort. Det koster meg ingen ting, mens å måtte ta det til dykkar boss plass vil koste meg ein time ekstra kvar gong me har vore på Enstad.

Eg har fylt ut tilsendt skjema og sender ein skanna versjon vedlagt denne mailen.

Eg ber om å få svar på søkanden snarast råd er.

Helsing

Gisle G. Enstad

SØKNAD OM DISPENSASJON/FRITAK FRÅ ORDINÆR RENOVASJON

Ta kontakt med kommunen dersom du skal søkja om endring i andre offentlege tenester.

Namn: GISLE G. ENSTAD Fødsel- og personnummer: [REDACTED]
Adresse: GRANLIA 11, 5200 OS
Telefon: 56301308, 90092097 E-post: gisle.enstad@hit.no
Eigedomen ligg i kommune: SOLUND
Eigedomen si adresse: ENSTAD, KRÅKHELLI
Eigedomen silt Gnr.: 49 Bnr.: 1 Evt. Festenr.: _____ Seksj.nr.: _____

Bustad Hytte

SØKNADEN GJELD

a) Dispensasjon frå bruk av egne dunkar med anna levering:

Sekk Fellesdunk (ar) Hovudbustaden sine dunkar
 Hyttekonteinar Inga levering Anna

b) Reduksjon/fritak i renovasjonsgebyret:

Halvt gebyr av normalgebyr Fritak frå renovasjonsgebyr

GRUNNGJEVING FOR SØKNADEN

Bustaden ligg over 300 meter frå bilveg.

Hytta ligg over 3 km frå bilveg.

Søkjar er einsleg og leverer avfall i fellesdunkar ved hovudhuset.

Namn på eigar av hovudhuset: BJARNE OG GISLE G. ENSTAD

FRÅFLYTTA I 1961

Bustaden er ikkje i bruk, grunngjeving: DET TEK 6 TIMAR I REISE FRÅ OS, DER EG BUR, TIL ENSTAD. REISER MED BÅT. ER DER EI VÆKES TID, ET PÅR PLASTPOSER MED BASS TEK OG MED OG LEVERER MED DET HENDR BASSET I GRANLIA, DER EG BUR
Anna,
grunngjeving: RENOVASJONEN NGIR HØR I SOLUND ER IKKJE M INTERESSE FOR MEG

Søknaden gjeld i perioden: FRÅ NO OG TIL EVIG TID

Stad, dato

Os, 24/4 - 2018

Underskrift søkjar

Gisle G. Enstad

Sjå retningsliner for handsaming av søknad på baksida av arket.

Retningsliner for handsaming av søknader om dispensasjon/fritak frå ordinær renovasjonsordning

Melding om vedtak

**Enstad Gisle Gotfred
Granlia 11**

5200 Os

Saknr.:	Kommune:	Gards- og bruksnummer.	Adresse:
2018-120	Solund	49 / 1 / 0 / 0	Enstad

SØKNAD OM FRITAK/ENDRING AV RENOVASJONSGBEYR

Dokumentliste:

Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsendar/mottakar	Saksh.
2018/	Inn	24.04.2018	Enstad Gisle Gotfred	Siv-Merete Vedå

Saksutgreiing:

Søknaden gjeld *fritak* renovasjonsgebyr for fritidsbustad. Grunnlaget for søknaden er at fritidsbustaden ligg 3 km frå bilveg. Søkjar nyttar hytta ei veketid og tar bosset med seg heim til Granlia i Os kommune.

Vurdering:

Det er i utgangspunktet tvungen renovasjonsgebyr for bustadhus og fritidsbustadar i Solund kommune, sjølv om det er tilkomst med båt, og fritidsbustaden er lite nytta. Fritidsbustadgebyret er det lågaste gebyret i NGIR si gebyrmatrise. Det er inga gradering for kor mykje ein nyttar hytta eller at ein leverer bosset saman med hovudhuset.

For hytter som ligg over 3 km frå bilveg, kan ein søkja NGIR om fritak frå renovasjonsordninga og gebyrplikta. Det er ein føresetnad at Forureiningslova si § 7, Plikt til å unngå forureining, og § 28, Forbod mot forsøpling, ikkje vert brotne.

Fritak skal berre gjevast dersom situasjonen er slik at kunden venteleg må gå meir enn 3 km for å koma til bilveg. At det må nyttast båt fram til køyreveg*/henteplass, gjev ikkje grunnlag for reduksjon/fritak.**

*Med køyreveg er meint veg der renovasjonsbilane kan køyra lovleg på ein forsvarleg måte.

